



## Kommunereforma

Den blå-blå regjeringa jobbar aktivt for at kommunar i Noreg skal slå seg saman til færre einingar. Debatten om kva for løysingar som er best er godt i gang.

### Kommunesamanslåing:

# Meiner Midt-Telemark passar



«Gøy på landet». Geir Vinsand slaktar forslaget om ein kommune Lidfjell rundt pluss Nome, han kallar det for gøy på landet.

Foto: Privat

**Midt-Telemark vil vere ein flott norsk region-kommune, den vil oppfylle alle krava. Men Nome må avklare kva veg den går. Det må den gjere av omsyn til naboane.**

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det er veldig kort oppsummert synet til Geir Vinsand i Nivi Analyse på korleis den nye kommunestrukturen i Midt-Telemark bør bli og kva som først må avklarast.

Vinsand heldt foredrag om kommunestrukturen i Telemark på ein konferanse som KS og Fylkesmannen i Telemark arrangerte nyleg. Fylkesmannen har fått i oppdrag frå regjeringa å setje i gang prosessar lokalt i det som har fått namnet kommunereforma, ein prosess som skal resultere i kommunesamanslåing. Regjeringa ønskjer færre kommunar og prosessen med å slå dei saman er godt i gang.

#### Passe størrelse

Vinsand har bakgrunn blant anna frå departement og utval som tidlegare har sett på kommune- og fylkesstruktur. Krava han viser til er dei som kjem fram i det regjeringsoppnemnde ekspertutvalet som har sett på kriterium for god kommunestruktur. Første delrapport er tidlegare omtalt i Bø blad, og Bent Aslak Brandtzæg ved Telemarksforsking er ein av

medlemmane. Utvalet har blant anna sagt at dei nye kommunane bør ha minst 15.000 til 20.000 innbyggjarar, noko kommunalminister Jan Tore Sanner seinare har sagt ikkje er eit krav.

Vinsand peikar på at Nome, Bø og Sauherad vil ha om lag 17.000 innbyggjarar til saman og vil vere ein robust generalistkommune.

#### Konkurransesentrum

– Midt-Telemark har ein grei senterstruktur og Bø er eit tyngdepunkt og regionsenter. Det er ein vekstregion, spesielt Bø har vakse kraftig. Dessutan er dei tre kommunane like i struktur og utviklingsmønster, meiner Vinsand.

Sjølv om han peikar på Bø som tyngdepunkt ser han at det kan vere problem med senterstrukturen og at det kan bli konflikt spesielt mellom Bø og Ulefoss. Ikkje alle i Nome, og spesielt ikkje i Ulefoss, ser på Bø som eit naturleg sentrum i ein Midt-Telemark-kommune.

– Dersom ein dyrkar konkurransen seg i mellom så kan det bli eit Bjugn Ørlandet II, seier Vinsand.

Dei to kommunane i Trøndelag jobba med å slå seg saman, men det stranda nyleg på lokalisering av kommunesenter og namn.

– Det svekkjer stillinga om ein slik diskusjon held fram, det er ikkje innbyggjarane tente med. Nome må avklare om den vil gå mot Skien eller Midt-Telemark, seier Vinsand.



**Noregsmeistrar.** Geir Vinsand meine dei tre midt-telemarkkommunene er noregsmeistrar i samarbeid. Her er dei tre ordførarane etter at dei i samarbeid har hala i land kjøp av Vrangfoss kraftverk. Olav Kasland (t.v.), Bø, Bjørg Tveito Lundefaret, Nome og Hans Sundsvalen, Sauherad.

Arkivfoto

Han meiner kommunestyret har plikt til å kome med ei slik avklaring av omsyn til naboane.

Vinsand meiner også at innbyggjarane i Hjuksebø må få bestemme om dei vil til Notodden eller Midt-Telemark. Han kallar det ei grensejustering.

#### Rår frå deling av Nome

Folk i Lunde var vesentleg meir positiv til ei kommunesamanslåing i Midt-Telemark enn folk i Ulefoss, ifølgje ei gransking som Telemarksforsking gjorde for nokre år sidan. Enkelte har antydning at Ulefoss bør få gå til Skien og Lunde til Midt-Telemark.

– Det vil svekkje alternativet betydeleg. Ein har ikkje så mykje folk å miste, meiner Vinsand.

Han kallar dette for ei partering i motsetning til grensejusteringa som er nemnd over.

– Å gjennomføre det er eit tungt reformløp, meiner Vinsand.

#### Minst komplisert

– I forhold til ei samanslåing i Midt-Telemark er alle andre alternativ meir kompliserte. Det er ikkje enkelt for Nome å gå inn i Skien. Kommunen ender opp som ein bydel med lokalstyre. Alternativet er å stå løpet ut med Midt-Telemark, då har ein ein haldbar og robust strategi, meiner Vinsand.

Han viser til at dette er kommunar med lang erfaring i samarbeid.

– Dei tre er noregsmeistrar i

samarbeid, påpeikar Vinsand.

Men han understrekar at det er viktig å vere klar over problemet med konkurransen mellom alternative sentrum. Det kan bli aksjonar og Nome er som nemnt geografisk på vippa.

#### Lidfjell rundt er tull

Alternativet Lidfjell rundt pluss Nome har ikkje Vinsand mykje godt å seie om.

– Det kallar eg gøy på landet. Ein kommune med eit fjell midt i bryt med alt, det vil få nei frå Stortinget. Folk vil ha gjenkjennelige kommunar, meiner Vinsand.

Vinsand trur det kan bli svin-dyrt for kommunane å seie nei til samanslåing.